



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 4

Desember 2022

65. årgang



Advent 2022 (Foto: AT)

REDAKTØR: Kyrkjevevja

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
tlf. 57782090/97044591
kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no

REDAKSJON: Anne R. Tveit

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik
tlf. 48228353. annetveit46@gmail.com

KORREKTUR: Marit Sandal,**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

**VIPPS: Gulen kyrkjelydsblad:
706144.**

TRYKKERI:

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE
og MJØMNA SOKN:**

Per Børge Hillestad. tlf. 93442919.
per.hillestad@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes

Tlf. 57782090/97044591. Fri fredag.
kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no

KONTORSEKRETÆR:

Kenneth Kidøy, Tlf. 57782013

Kontor: Måndag kl. 12.30-15.30

Tysdag kl 9.00-15.30

Torsdag kl 9.00-15.30

post@gulen.kyrkja.no

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,

5966 Eivindvik. Tlf. kontor 90984617

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-
LESRÅD:**

Leiar: Kåre Sigurd Krakhella, tlf.

90075286. kaare.krakhella@icloud.com

Nestleiar: Haldis Steine, tlf. 95841715

haldist@online.no

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: Kyrkja i Gulen.



Redaksjonen

Med julekrubba i vindaugskarmen på kyrkjekontoret i Eivindvik ønskjer vi lesarane ei velsigna jul og eit fredfullt nyttår. Neste nummer kjem i mars. **Innleveringsfrist: 20.02.23.**

Så gir vi ordet til avtroppande biskop Halvor Nordhaug, som vil dele nokre tankar med oss i det vi går inn i lysfesten og julefeiringa. Samstundes nyttar vi høvet til å takke han for det gode arbeidet han har lagt ned i Bjørgvin bispedømme i desse åra.



Biskop Halvor Nordhaug i Gulen kyrkje under bispevisitasen i 2016. Foto: Arkiv.

Sei noko om Jesus!

30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus.

Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg

enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfatternen Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde, svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia, var:

- Du må komme! Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram:

- Du må seia noko! Tunström svarte:

- Kva skal eg seia? Venen sa: - Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko. Då datt det ut av Tunström: - Skal eg seia noko om Jesus? - Ja, sa venen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: - Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde, viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet. Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg.

Ein stad står det: *«Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar.»*

Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus.

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle. Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug



Ein allsidig biskop! Etter familiegudstenesta på Byrknes 26.10.16 stilte Halvor Nordhaug til kamp mot den yngre garde. Kven som vann, seier historia ingen ting om.

Foto: Arkiv.



Lysmesse i Gulen kyrkje 27. november

1. søndag i advent kl. 17.00 var det lysmesse i Gulen kyrkje, ved konfirmantane i heile kommunen, prest Per Børge Hillestad og medhjelparane Eirik Halsnes og Maren Daa Eide.



Flinke konfirmantar deltok med tenning av den sjuarma lysestaken, og med tekstlesing under dei ulike ledda i gudstenesta.



Eirik Halsnes heldt preika, og tok utgangspunkt i historia om då Jesus gjekk på vatnet. Han viste korleis Peter steig ut av båten og ville gå Jesus i møte. Då Peter blei redd og tok til å søkke, var Jesus der med si utstrekke hand og berga han.

Takk for ei fin lysmesse! Tekst/foto:AT

Ei jul å glede seg til



Mange familiar går ei tøff tid i møte. Di støtte kan gi barn som «Ida» ei tryggare jul.

VIPPS ei gåve til 13130.

Gi på konto 3201 52 74165.

Blå Kors

Meir enn eitt av ti barn veks opp med ein forelder med eit alvorleg alkoholmisbruk eller ei alvorleg psykisk lidning.

Heldigvis finst det håp.


I over 100 år har Blå Kors hjelpt menneske som er ramma av alkohol, rus eller anna avhengigheit.

Med deira støtte kan vi gi fleire barn og unge ein tryggare barndom. Blå kors jobbar på oppdrag frå kyrkjene, og arbeidet bygger på eit kristent og diakonalt menneskesyn.



Eit barn er født –

Her følgjer årets kyrkjelydsblad-artikkel frå Kirkens Nødhjelp til julenummeret. I artikkelen møter vi gravide Katerina som måtte flykte frå heimbyen Odessa i Ukraina.



Høggravid og på flukt

Katerina frå Odessa flykta frå den grufulle krigen med babyen i magen. - Det einaste eg ber om, er å få føde i tryggleik, seier ho.

Ho hugsar godt den dagen krigen starta. Det var seint, og ho hadde lagt seg for kvelden. Brått blei ho riven ut av søvnen og vakna av kraftige skot. - Eg visste ikkje kva som skjedde, og det var først morgonen etter at vi forstod at krigen hadde starta, fortel Katarina då vi møter henne på eit flyktningssenter i byen Lasi i Romania.

Frykta for barnet i magen

Nokre dagar seinare tok ho og familien den tunge avgjerda om å for-

late Ukraina og kome seg i tryggleik. Med barnet i magen, som ho ville verne om for alt i verda, hadde ho dei siste dagane før flukta fleire gonger måtta søkje dekning i bomberom då sirenene byrja å ule.

- Eg fekk panikk og ville berre få babyen i magen i tryggleik. Eg klarte ikkje å slappe av før vi kryssa grensa, fortel Katarina.

Flukta tok henne hit til senteret i Lasi. Her får ho tryggleik, mat og omsorg. Det er godt å vite at ho får den hjelpa ho treng for å føde barnet sitt i trygge omgivnader. Her treng ho ikkje å frykte bomber og granatar frå krigsherjingane i heimlandet.

På senteret her i Lasi bidreg Kirkens Nødhjelp med mellom anna mat og senger, og med førebyggjande tiltak mot menneskehandel.

Ein trygg fødsel

Katerina flykta frå krigen saman med mora, tanta og katten sin. Faren til den komande babyen måtte bli igjen i heimlandet. No sørgjer han for at dei ukrainske soldatane får matforsyningsgar, men skulle situasjonen krevje det, blir han òg send til fronten.

Men først og fremst er Katarina takksam for at ho er i tryggleik her på senteret i Romania, og for at ho kan føde barnet sitt i trygge omgivnader.

- Eg vil reise heim igjen, men eg veit ikkje når det blir mogleg. Byen min har blitt øydelagd og må byggjast opp igjen. For meg er trygge omgivnader for barnet mitt det aller viktigaste no, seier Katarina.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria i ein stall. I ein stall i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta som den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge.

Jesus overlevde spedbarnstida trass i den urolege verda han blei fødd inn i. 2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under 5 år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødte i krig og konflikt, med vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse menneska.

Vi kan vere med å gi nyfødde barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og sørgje for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning, slik at fleire får fylle fem år.

Slik gir du årets viktigaste julegåve:

VIPPS eit valfritt beløp til 2426.

Send ordet **GAVE** på sms til 2426 og gi 250 kroner.







GÅVEKONTO: 1594 22 87248.

Gi ei framtid i gåve!



JULEKRYSSORD

Laga av Einar Søreide

JULE- X-ORD	PRESTE- DOTTER	EVNA INN- SKRIFT	GRUNNAR	I GULEN	DYR	PÅ FISKE- BÅTAR FØR	NABOAR RUSSISK NEI	SP. ELV	GALNE PALLA- DIUM	TIDL. ORD- FØRAR	↓
EITT AV SJU SLAG											
I GULEN										MIDT- LINJE	
NATT- VERDS- STAUP						I GULEN		IDRETTS- UTØVAR- EN	PREP. HARDE		
STAT					AKSJON- ERE						
IX					PREST						↓
→		FIN					BAK PÅ EIT SKIP		FØR VY KØRN- AVFALL		
↓		PAUSEN									
VEIKE							FOR- VITRA				
PREP.											
KRYDDER			FUGL								
LIKE			PLAGG								
→											
↓					TRE- DEL						NYTT FORSØK
→					GUT				DORMA		
					DRONE				NABO- LAND		
OPP- HØGE				LITE ROM				FØRE- STAVING (HALV-)			
SNAU				KVINNE							
AKUTT		BYGNING								LIKE	
SKUR		KLOKKAR (FØREN.)								NUPPE	
→											
↓			LIKE			LIKE		TIDL. ORDF. (FØREN.)			
			PREP.								
→					BIBEL- DEL			SPORE- PLANTE			
PIGGAR	BOD- SKAPEN										

Send inn løysinga til oss innan **1. februar**. (Send pr. post, eller knips svaret med mobilen og send som E-post eller SMS til redaksjonen.) Vi trekkjer ut ein vinnar, som vil få tilsendt ein liten premie. Hjarteleg takk til Einar Søreide, som enno ein gong har laga kryssord til oss!

Haustattakkefest og tårnagentar i Gulen kyrkje



11. oktober var det haustattakkefest i Gulen kyrkje, med konfirmantar, tårnagentar og bokutdeling til 4- og 6-åringane. Fotoet over viser Per Børge Hillestad i samtale med ungdommar og føresette etter gudstenesta, og Kristoffer Haveland og Noah Rutledal representerer tårnagentane (under).



Søndagsskule i Eivindvik

Gulen sokneutval har bestemt seg for å starte opp med søndagsskule i Eivindvik, og sender ut denne invitasjonen til barn mellom 3 og 12 år:
- Har DU lyst til å kome og vere med på søndagsskule?

Her skal me lære om Jesus og alle vennene hans. Me skal synge og ha det kjekt i lag.

Alle born frå 3 til 12 år kan vere med, og alle born kan ha følge av vaksne. Søndagsskulen vert ein søndag i kvar månad, og held til på stova i 3. etasje på sjukeheimen i Eivindvik.

Me bruker inngangen på baksida av bygget.

Datoane for dei to første samlingane er klare:

Søndag 15. januar kl. 10.30-12.00.

Søndag 19. februar kl. 10.30-12.00.

VELKOMEN!

Hugseregel: Er ein sjuk, må ein vere heime.

Helsing Gulen sokneutval v/Åse Haugen



Juletefest for heile familien

Tredje juledag, tysdag 27. desember kl. 15.30 blir det juletefest for heile familien i Brekke bedehus.

Ord for dagen.

Julemat.

Juletegang.

Kollekt.

Alle er velkomne!

Arr.: Brekke kristelege ungdomslag



Frå arkivet hentar vi dette 56 år gamle diktet om juletreet, som stod i Gulen kyrkjelydsblad sitt julenummer i 1966. Forfattar er Hansine Steine:

Tankar kring juletreet

*I heilage jolekvelden
me tendrar vårt joletre.
Det står med si fagre stjerne
og legg over heimen sin fred.*

*Det står og minner om Jesus,
- no kjenner me det er jol.
Og treet skal vere om Jesus
vårt vakraste jolesymbol.*

*D'er Betlehemsstjerna som blenkjer
so bjart i stova i kveld.*

*Førest me då på markene ut
der hyrdingar nattevakt held.*

*Tykkjest me stå i natta,
stjerner tindrande skjelv,
ser me då jolestjerna
som strålar på himmelkvelv.*

*Høyre me livsæle engleord
til hyrding mødug og mødd:
Ver ikkje redde – fred over jord!
Gled dykk, - ein frelsar er fødd!*

*Kvi skulle vel plent dei hyrdingar få
englebod jolenatt?*

*Å, Jesus, den største hyrding du var,
og me er din dyre skatt.*

*Di tankane vandrar til krubba,
- me gjev deg vårt hjartegull.
Jolekveld held me i stova,
heilag og høgtidsfull.*

*Ljosa på juletreet
skin i si lysande prakt
og minner oss om orda
som Herren Jesus har sagt:
At me som ljosa skal lyse
kvar på vår eigen stad.*

*Vandre skal me som vener,
og gjere kvarandre glad.*

*Står du med storm og greiner,
joletre, i din fred.*

*Jesus har sagt me skal vere
greiner på livsens tre,
kraft ifrå stommen henta
helg som i yrkelag,
so hugen stig imot himmelhøg
til kvild kvar einaste dag.*

*Joletre, når du om jolekvelden
skin i ditt stråleskrud,
- minne då alle om herlegdomen
som ventar heime hjå Gud.*

Hansine Steine

Julekonsertane 2022:

Gulen kyrkje: Julekonsert **lauddag 10. desember kl. 15.00**, v/Spleis og andre lokale aktørar.

Mjømna kyrkje: Gudsteneste kombinert med julekonsert **lauddag 17. desember kl. 15.00**, v/Brekke mannskor og lokale krefter.

Brekke kyrkje: Julekonsert **søndag 18. desember kl. 15.30**, v/ Brekke mannskor, korps m. fleire.



Mariahelg på Alværa

Innimellom treng vi å få litt avstand til alle gjeremål i kvardagen.

Helga 3.-5. mars 2023 arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar på Alværa misjonssenter.

Målet med Mariahelga er å senke skuldrane og finne kvile og mat for sjela. Her blir det både felles måltid, hyggeleg og sosialt fellesskap med andre, og høve til å nyte den fine naturen ved sjøen. Temaet for helga er ikkje avklart enda, meir informasjon om det kjem når programmet er klart. Uansett – set av helga no: 3.-5. mars. Spørsmål om helga/programmet: Ta kontakt med Hanne Bildøy: Tlf. 996 10 528.

E-post: hanne@bildoys.no

Hjertelig takk

Hjertelig takk til alle som var til stede i vår kjære Belinda Mari Flolid Fosse Haveland sin begravelse og minnestund. Tusen takk for alle blomsterhilsener og pengegaver til Iselinn sin utdanning. Hjertelig takk til prest Per Børge Hillestad og organist Peter Jobbagy. Takk til Vatne begravelsesbyrå og Gulen sjukeheim for god hjelp og støtte. Tusen takk for gode tanker og hilsener.

Rudi og Iselinn

Ei varm takk

Ei varm takk til alle som fylgde vår kjære Nils Knarvik til siste kvilestad. Takk for all omtanke. Takk for kranser og bærebukettar. Takk for blomar til heimen.

Gunnlaug.

Oddbjørn og Jan Morten m/fam.

Hjarteleg takk

Takk for all omtanke ved min kjære mann og vår pappa Magnar Takles bortgang. Takk for helsingar, telefonar, blomar, kransar og bærebukettar. Takk til alle som var med oss gravferdsdagen.

Elsa, Svein, Anne, Wenche og Grete

Ei varm takk

Ei varm takk for all omtanke i samband med Harald Brosvik sin bortgang.

Takk til prest Bjørn Magne Hansen, organist Peter T. Jobbagy og Vatne

begravelsesbyrå for ein fin seremoni.
Takk for minnegåvene til Norsk
luftambulanse.

Inger



Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

MJØMNA SOKN:

23.10.22: Frøya Wergeland-Hagesæter. For.: Ida Synnøve Wergeland og Preben Hagesæter.

GULEN SOKN:

15.10.22: Sverre Prestegaard Midtun. For.: Rolf-Daniel Midtun og Una Prestegaard.

Døde:

BREKKE SOKN:

28.10.22: Magnar Sverre Takle, f. 1939.

GULEN SOKN:

15.07.22: Belinda Mari Flolid Fosse Haveland, f. 1979. (Retting frå førre nr.)

17.10.22: Nils Knarvik, f. 1940.

Kyrkjekalenderen



NB!! For endringar, følg med i aviser, på oppslag og nett: www.gulen.kyrkja.no www.kyrkjaigulen.no Facebook: Kyrkja i Gulen

Laurdag 17.12: Gudsteneste/julekonsert i **Mjømna kyrkje kl. 15.00.** Per Børge Hillestad, Brekke mannskor m.fl.

18.12., 4. søndag i adventstida:
Byrknes bu- og omsorgssenter kl. 11.00 v/ Per Børge Hillestad.

24.12., Julaftan:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens Bymisjon.

Brekke kyrkje kl. 13.30 v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens nødhjelp.

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens nødhjelp.

25.12., Juledag:

Gulen kyrkje kl. 12.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Søndagsskuleforbundet.

26.12., 2. juledag/Stefanusdag:

Byrknes bedehus kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Sunniva Hospital Haraldsplass.

31.12., Nyttårsaftan:

Brekke kyrkje kl. 23.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Redd barna.

01.01.23: Ikkje gudsteneste.

08.01., Kristi openberringsdag:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Offer.

15.01., 2. søndag i openberringstida:

Brekke bedehus kl. 16.00 v/Per Børge Hillestad. Familiegudsteneste med konfirmantfest. Offer: Trus-opplæring/Brekke bedehus.

22.01., 3. søndag i openberringstida:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer.

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Misjonærprosjektet i Mali.

05.02., Såmannssøndag:

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Offer Bibelselskapet.

12.02., Kristi forklaringsdag:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Inkludermeg.no.

Mjømna kyrkje kl. 16.00 v/Per Børge Hillestad. Offer.

19.02., Fastelavnssøndag:

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Tårnagent. Offer: Fjon fjellkyrkje.

26.02., 1. søndag i fastetida:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: NMS.

05.03.: Ikkje gudsteneste.

12.03., 3. søndag i fastetida:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer.

Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens bymisjon.

19.03., 4. søndag i fastetida:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Sygna vidaregåande skule.

Mjømna kyrkje kl. 16.00 v/Per Børge Hillestad. Offer.

26.03., Maria bodskapsdag:

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Offer.

02.04., Palmesøndag:

Byrknes bedehus kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Offer.

06.04., Skjærtorsdag:

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad.

07.04., Langfredag:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad.

09.04., 1. påskedag:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer.

Brekke kyrkje kl. 19.00 v/Per Børge Hillestad. Offer. Kveldsmat i Brekke bedehus.

10.04., 2. påskedag:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer.

Konfirmasjonane 2023:

Datoar for konfirmasjonane:

MJØMNA KYRKJE:

Laurdag 29. april. kl. 11.00.

GULEN KYRKJE:

Laurdag 6. mai kl. 11.00.

BREKKE KYRKJE:

Laurdag 13. mai kl. 11.00.